



Bolig & Eiendom AS  
Stølen 26  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3966 - 18/36313

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
03.12.2018

## Ferdigattest tomannsbustad - gbnr 123/146

### Administrativt vedtak. Saknr: 658/18

**Tiltakshavar:** Bolig & Eiendom AS

**Ansvarleg søkjar:** Bolig og Eiendom AS

**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 21.06.2017. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 26.11.2018 og supplert 30.11.2018.

### Skildring

Adresse:	Storhaugen 39 A og B
Bygningstiltak:	Tomannsbustad
Bygningsnummer:	300706366
BYA/BRA:	175 m <sup>2</sup> / 258,2 m <sup>2</sup>
Avlaup:	Offentleg
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	2

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for tomannsbustad på gbnr 123/146//.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.



**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3966

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Arkoconsult AS

**Mottakarar:**

Bolig & Eiendom AS  
Bolig & Eiendom AS

Stølen 26  
Stølen 26

5911  
5911

ALVERSUND  
ALVERSUND